



Arkivnr: 2014/989-6

Saksbehandlar: Jon-Rune Smørdal

**Delegert saksframlegg**

---

#### Fylkesrådmannen etter fullmakt

## Fylkesveginvesteringar - omdisponering innanfor programområde

### Samandrag

I sak 48/13 i møte i fylkestinget fekk fylkesrådmannen få fullmakt til å omdisponera mellom prosjekt innanfor dei enkelte programområda slik dei går fram av plan- og byggjeprogrammet for fylkesvegar.

For Programområde utanom Bergen omdisponerer fylkesrådmannen 2,8 mill. kr innanfor mindre utbetringar, 1,5 mill. kr innafor miljøtiltak og 4,75 mill. kr innanfor Trafikksikringstiltak.

For programområde innafor Bergensprogrammet omdisponerer fylkesrådmannen totalt 26,2 mill. kr som fordeler seg slik: 18 mill. kr på gang- og sykkelvegar, 1,2 mill. kr til trafikksikringstiltak og 7 mill. kr innanfor kollektivtiltak.

### Vedtak

Fylkesrådmannen omdisponerer midlane innanfor programområda slik det går fram av tabellane i saka.

Johnny Ernst Stiansen  
fung. fylkesrådmann

Nils Vetlesand  
fung. fylkесdirektør økonomi

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 26.05.2014

### Bakgrunn

I sak 48/13 i møte i fylkestinget 15.10.13 vart det gjort følgjande vedtak i punkt 3:

*«Fylkesrådmannen får fullmakt til å omdisponera mellom prosjekt innanfor dei enkelte programområda slik dei går fram av plan- og byggjeprogrammet.»*

Programområda er delt inn i følgjande:

Programområde utanom Bergen

- Mindre utbetringer
- Miljøtiltak
- Trafikksikringstiltak
- Kollektivtiltak
- Gang- og sykkeltiltak
- Innløysing av hus/eigedomar
- Planlegging

Programområde innafor Bergensprogrammet

- Kollektivtiltak
- Trafikksikringstiltak
- Gang- og sykkeltiltak
- Miljøtiltak
- Planlegging

Fylkesrådmannen har ikke fullmakt til å gjøre budsjettingar mellom programområda. Dersom det skal gjerast budsjettjusteringar mellom t.d. kollektivtiltak og gang- og sykkeltiltak, skal dette handsamast på vanleg måte og avgjerd takast av fylkestinget.

Etter budsjettjusteringane i mars 2014 er det sett av 312,9 mill. kr til programområde innanfor Bergensprogrammet og 90,4 mill. kr til programområde utanfor Bergen. Desse summane er igjen fordelt ut på dei enkelte programområda. I Hordaland er det over 300 store og små investeringsprosjekt på fylkesvegane. Dei fleste av desse er mindre prosjekt innanfor programområda.

Gjennom handsaming av plan- og byggjeprogram for fylkesvegane og handlingsprogram for Bergensområdet avgjer fylkestinget ramma for kvart enkelt programområde og kva prosjekt som skal gjennomførast. Det er budsjettert med årlege summar til dei ulike prosjekta, men det viser seg ofte at framdrifta avvik frå planen eller at kostnadsoverslagene endrar seg under vegs. Det er difor føremålstenleg å kunne omdisponere ledige midlar til andre prosjekt med behov for meir midlar.

## Omdisponering for programområde utanfor Bergen

### Mindre utbetringer

Innafor programområdet Mindre utbetringer er det behov for å omdisponere 2,8 mill. kr fra Fv 360 Bruvik sentrum til Fv 49 Holmalia.

Fylkesrådmannen vedtek følgjande omdisponeringar:

Løyving kategori	Prosjektnr	Prosjekt	2014	
			Auke i løyving	Reduksjon i løyving
Mindre utbetringer utanom Bergen	304099	Fv 49 Holmalia	2 800	
	304173	Bruvik sentrum-mgp/trafikksikring		2 800
			2 800	2 800

### *Fv 49 Holmalia, Tysnes kommune + 2,8 mill. kr*

Det skal utbetrast nokre svingar og lagast nye møteplassar på ei strekning på ca. 600 m. Det er i tillegg naudsynt å sikre vegen ved å sette opp rekkverk med ei kostnadsramme på 4,6 mill. kr. I 2014 er det sett av 3,2 mill. kr til tiltaket og det er dermed trong for rebudsjettering på 1,4 mill. kr. Regionvegsjefen vurderer det no slik at det er behov for meir samanhengande tiltak på strekninga og anslår at ein ved å auke løyvinga til totalt 6 mill. kr kan få trafikksikra strekninga og betra framkome vesentleg meir enn om ein gjer nokre punktvise utbetringer. Fylkesrådmannen aukar difor løyvinga i 2014 med 1,4 mill. kr til rebudsjettering og med 1,4 mill. kr til meir samanhengande tiltak – til saman 2,8 mill. kr.

### *Fv 360 Bruvik sentrum, Osterøy kommune - 2,8 mill. kr*

Tiltaket er lyst ut samstundes med prosjekt Fv 567 Hosanger sentrum. Det er meir praktisk for entreprenøren å rigge det mykje større prosjektet i Hosanger sentrum først, og gjøre det planlagde tiltaket i Bruvik sentrum i 2015. Det er også planlagt eit kollektivtiltak i nærlieken av Bruvik og ein kan dermed få synergieffekt av å få same entreprenør til å gjøre arbeidet samstundes.

### Miljøtiltak

Det er behov for å omdisponere 1,5 mill. kr av mindreforbruk frå prosjektet Fv 555 Eide til Fv 126 Varaldsøy ferjekai. Omdisponeringa inneber endring i framdrift og ikkje endring i kostnader.

Fylkesrådmannen vedtek følgjande omdisponeringar:

Løyving kategori	Prosjektnr	Prosjekt	2014	
			Auke i løyving	Reduksjon i løyving
Miljøtiltak utanom Bergen	304559	Fv 126 Varaldsøy ferjekai	1500	
	304569	Rastepllass Sund		1500
<b>Sum miljøtiltak utanom Bergen</b>			<b>1500</b>	<b>1500</b>

### *Fv 126 Varaldsøy ferjekai, Kvinnherad kommune + 1,5 mill. kr*

Arbeidet med å ruste opp ferjekaien er kostnadsrekna til 2,5 mill. kr. I 2014 er det løyvd 1 mill. kr til å starte arbeidet med å ruste opp ferjekaien. Dei resterande 1,5 mill. kr var planlagt løyvd i 2015, men heile tiltaket kan gjerast ferdig i 2014 og sidan det er ledige midlar innanfor programområdet omdisponerer fylkesrådmannen midlane.

### *Fv 555 Eide, Sund kommune, - 1,5 mill. kr*

Sund kommune er byggherre og tilskotet til kommunen kjem ikkje til utbetaling før i 2015.

**Trafikksikring**

Innanfor trafikksikring vert det mindreforbruk på nokre prosjekt med til saman 4,75 mill. kr.

Fylkesrådmannen vedtek følgjande omdisponeringar:

Løyving kategori	Prosjekt	2014	
		Auke i løyving	Redusjon i løyving
Trafikksikkerhetsstiltak utanom Bergen	<b>Sikring av kryssingspunkt</b>		
	Fv 567 Osterøy - TS-tiltak		2 300
	Fv 415 Lindås - Gang- og sykkelveg,		2 000
	Fv 7 Norheimsund i Kvam (Sikring av kryss)		450
	Isdal - Alverflaten II	1 000	
	Fv 159/160/552 TS/koll-tiltak Os	600	
	Tiltak etter trafikksikringsinspeksjonar	550	
Div. TS-tiltak Hardanger 2014		600	
Trafikksikringstiltak Sævareid, Fusa kommune		300	
Diverse vegbelysning		1 700	
<b>Sum trafikksikringstiltak utanom Bergen</b>		<b>4750</b>	<b>4750</b>

Auka løyvingar*Isdal – Alverflaten, Lindås kommune*

Trong for restmidlar på 1 mill. kr til fjellsikring.

*Fv 159/160/552 TS/koll-tiltak Os*

Trong for kr 600 000 til restmidlar for å avslutta prosjekt

*Tiltak etter trafikksikringsinspeksjonar*

Trong for restmidlar til utbetringar i samband med trafikksikringsinspeksjonar for fire tiltak med til saman kr 550 000.

*Diverse trafikksikringstiltak Hardanger 2014*

Nytt tiltak - gangfelt på Fv 48 Seimsfoss, Kvinnherad kommune, kostnadsrekna til kr 600 000 på grunn av stor trafikk på vegen og nye arbeidsplasser på staden.

*Trafikksikringstiltak ved Sævareid, Fusa kommune*

Tiltaket gjeld utbetring av kryss kostnadsrekna til kr 300 000. Fusa kommune er byggherre.

*Diverse vegbelysning*

Tiltak i Stord og Fitjar kommunar med m.a. intensivbelysning av 10 gangfelt i Leirvik.

Reduserte løyvingar*Fv 567 Osterøy – Trafikksikringstiltak*

Det er uavklart korleis gangbrua over Kringastemma skal byggjast og prosjektet får eit mindreforbruk på 2,3 mill. kr i 2014.

*Fv 415 Lindås barneskule – Gang- og sykkelvegtiltak*

Det er venta eit mindreforbruk på 2 mill. kr i 2014 ettersom prosjektet hadde eit tilsvarande meirforbruk i 2013.

**Fv 7 Norheimsund, Kvam herad, (Sikring av kryssingspunkt)**

Tiltaket består i sikra uoversiktleg kryssing for mijuke trafikantar i Norheimsund. Tiltaket er ikkje endeleg avklart og difor er det venta eit mindreforbruk på dette prosjektet på kr 450 000.

**Omdisponering for programområde innanfor Bergensprogrammet**

Fylkesrådmannen vedtek følgjande omdisponeringar i Plan- og byggeprogrammet for Bergensprogrammet:

Løyving kategori	Prosjekt	Forventa i 2014	
		Auke i løyving	Reduksjon i løyving
<b>Gang og sykkeltiltak i Bergensprogrammet</b>	Solheimsgaten sør	4 000	
	Totlandsveien	10 000	6 000
	Gang- og sykkelbru Nygårdstangen		2 000
	Sykkel i sentrum		2 000
	Kollektivfelt Fyllingsdalen		2 500
	Birkelundsbakken		3 200
	Sykkelteljarar i sentrum	500	1 300
	Fv 564 G/S Salhusvegen		1 000
	Tiltak langs Bybanen II	3 500	
	Bjørgeveien Straumeveien - Sandeide		
<b>Trafikksikringstiltak i Bergensprogrammet</b>	Fløenstien		
	<b>Sum gang og sykkelvegar i Bergensprogrammet</b>	<b>18 000</b>	<b>18 000</b>
<b>Trafikksikringstiltak i Bergensprogrammet</b>	Krokeidevegen fotgjengarsikring		800
	Rundkjøring Nordås		200
	Nyborg/Flaktveit fotgjengarsikring	1 200	
	Drotningsvik/Alvøen fotgjengarsikring		200
<b>Sum trafikksikringstiltak i Bergensprogrammet</b>		<b>1 200</b>	<b>1 200</b>
<b>Kollektivtiltak i Bergensprogrammet</b>	Opprusting haldeplasser	1 000	
	Diverse kollektivtiltak	3 000	
	Fv 562 Kollektivfelt Askøyveien	3 000	
	Kollektivsnuplass Øvre Kråkenes		1 700
	Kollektivfelt Fyllingsdalen		4 500
	Åsamyrvegen-venstresvingef. i X v/Rolland		800
<b>Sum kollektivtiltak i Bergensprogrammet</b>		<b>7 000</b>	<b>7 000</b>

**Gang og sykkelvegar – omdisponering 18,0 mill. kr****Auka løyvingar**

*Solheimsgaten sør +4 mill.kr*

Dette gjeld gammal tvistesak om grunnerverv som no er avslutta.

***Totlandsveien +10 mill. kr***

Meirforbruket på 10 mill. kr i 2014 kjem av raskare framdrift enn lagt til grunn ved utarbeiding av handlingsprogrammet. Tiltaket skal etter planen vere ferdig hausten 2014. Sluttoppgjer kjem i 2015 og det er ikkje meldt inn endring på totalramma for prosjektet som er på 105 mill. kr.

***Sykkelteljarar i sentrum +0,5 mill. kr***

Tekniske utfordringar fører til meirforbruk.

***Tiltak langs Bybanen II +3,5 mill.kr***

Auken i løyvinga skuldast at det ikkje var teke omsyn til nytt mva nivå for vegsektoren når kostnadsoverslaget vart utarbeidd.

**Reduserte løyvingar*****Gang- og sykkelbru Nygårdstangen - 6 mill.kr***

Prosjektering er starta opp, men det fysiske arbeidet kjem ikkje i gang i 2014 så ein får eit mindreforbruk på 6 mill. kr.

***Sykkel i sentrum - 2 mill.kr***

Oppdatert prognose på 8 mill. kr – mot tidlegare 10 mill. kr – til dette tiltaket står ved lag og budsjettet kan dermed reduserast med 2 mill. kr i 2014.

***Kollektivfelt Fyllingsdalen - 2 mill. kr***

Tiltaket kjem ikkje i gang før seinhaustes eller tidlig vinter, så løyvinga kan reduserast med 2 mill. kr.

***Birkelundsbakken - 2,5 mill. kr***

Prosjektet nærmar seg ferdigstilling og prognosen er eit mindreforbruk på 2,5 mill. kr i 2014.

***Fv 564 G/S Salhusvegen - 3,2 mill. kr***

Prosjektering er i gang, men det vil ikkje vere behov for alle midlane i 2014.

***Bjørgeveien Straumeveien – Sandeide - 1,3 mill. kr***

Reguleringsplanen er pr. i dag ikkje godkjent. Prognosene er justert til realistisk kostnadsnivå for prosjektering og løyvinga kan difor reduserast med 1,3 mill. kr i år.

***Fløenstien -1 mill. kr***

Det er uavklarte forhold knytt til Jernbaneverket. Det m.a. att å gjere avklaringar om utfylling i Store Lungegårdsvann, så løyvinga kan reduserast med 1 mill. kr i 2014.

**Trafikksikringstiltak – omdisponering 1,2 mill. kr****Auka løyvingar*****Nyborg/Flaktveit fotgjengarsikring + 1,2 mill. kr***

Tiltaket vert ferdig våren 2014 og blir 1,2 mill. kr dyrare enn det som låg til grunn ved prosjektutarbeiding.

**Reduserte løyvingar*****Krokeidevegen fotgjengarsikring - 0,8 mill. kr***

Tiltaket vert ferdig våren 2014 og blir billigare enn det som er sett av.

***Rundkjøring Nordås - 0,2 mill. kr***

Tiltaket vert ferdig våren 2014 og blir billigare enn det som er sett av.

***Drotningsvik/Alvøen fotgjengarsikring - 0,2 mill. kr***

Tiltaket vert ferdig våren 2014 og blir billigare enn det som er sett av.

Kollektivtiltak – omdisponering 7,0 mill. kr

Auka løyvingar

*Opprusting haldeplassar + 1 mill.kr*

Meirforbruk på grunn av at ein rustar opp fleire haldeplassar innanfor eksisterande kontraktar.

*Diverse kollektivtiltak + 3 mill. kr*

I prosjektet er det inkludert kostnader til Hesjaholtet kollektivsnuplass og til andre mindre kollektivtiltak.

Meirforbruk på grunn av tilpassingar mot sanntid og til haldeplasser som vert rusta opp.

*Fv 562 Kollektivfelt Askøyveien, + 3 mill. kr*

Anbodspris vart dyrare enn det som låg til grun ved utarbeiding av prognosene. Kostnadene kom på 10 mill. kr prognosene – 3 mill. kr meir enn prognosene.

Reduserte løyvingar

*Kollektivsnuplass Øvre Kråkenes - 1,7 mill. kr*

Reguleringsplan vert truleg ikkje vedteken før til hausten og det fører til mindre kostnader i 2014.

*Kollektivfelt Fyllingsdalen - 4,5 mill. kr*

Tiltaket vil kome i gang til hausten, og prognosene er no at ein vil bruke 4,5 mill. kr mindre i 2014 enn det som er sett av til dette prosjektet.

*Åsamyrvegen - krysset v/Rolland - 0,8 mill. kr*

Tiltaket vert i billigare på grunn av val avei enklare løysing enn opphavleg lagt til grunn.